Førsteblad

1. H

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5 | Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Sandøy

Emne: Vassbering | Bygdelag: Ona-Husøy

Oppskr. av: Aslaug Iversen | ~~Gard~~: Fiskevær.

(adresse): Ona | G.nr. | Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ja, med vassåk og 2 bøtter.
Vassåket vert her kalla børatre. Den typa som kviler på begge akslar, med utholka opning for halsen. Med på børatreet.
Så langt attende eg veit har ein bruka tog og jarnkrokar. Nokko anna namn enn „tagje" (for tog) og krok har eg ikkje høyrt. Sidan sink-bøtter kom i bruk, har det ikkje vore nytta trebøtter til reinvatn her.

2. Her har ikkje vore henta vatn i lagga kar.
Det har ofte vore lagt små trefjøler eller trelokk på vatnet når ein bar, serleg i vind eller ved lang veg.
Børatre har vore og er endå mykje bruka og er ~~eit~~ rekna for eit hendig reidskap når ein skal bera nokko ~~m~~ i 2 bøtter eller spann; mjølk frå fjøset, klede til blekevollen o.s.v.

3. Her er så lite snø at ski har ikkje vore bruka før i aller siste tid, men då berre til å renna på.

4. Kven som helst i heimen har bore og ber vatn, eller som det høver, men sjeldan borna.

5. Ein stor del av innbuarane på Ona brukar desse måtane endå då dei må bera frå brunn på naboøya Husøy. Mange har no sement-„kummar" i kjellaren eller attmed

699

huset der dei samlar takvatn frå
steintak, men ved lange törkebolkar
må alle bere frå brunnane på Husöy
og då brukar eis börahe og 2 bötter.
Til nøraste brunn er det 100-150 meter,
~~men~~ Den kallast "tynnjå" (tynna), så
der må sikkert ha "vore meldsett ei tynne
for det första. No er der treverk rundt nede i
brunnen og hus over. Litt i frå har staten
bygd ein stor brunn, men vatnet der er
for myrkje myr. Før den vart laga, måtte
ein stundom i ~~tø~~ törre bolkar gå ca
1 km. til ei lita oppkome inst på
Husöy. I 1938-39 vart det laga eit
stort vassbasseng ovanfor den nye skulen
og frå det får no både skulen og alle
innbuarar på Husöy vatn, spring.
Før den tid var det mest vatnet der som
på Ona, men dei hadde sin eigen
brunn ved husklynga der. (Ona
og Husöy er 2 små öyar med ei lita bru
mellom og utgjer same skulekrins.)
Alle på desse öyar lever under same
kår, også når det gjeld vatnet. På
dei fleste er fiskarar. På Husöy er det
2 gardbrukarar. No har dei springvatn
i fjösane og innehusa. Før det store vass-
bassenget vart ordna, hadde dei brunn
ved fjösane med pumpe i fjös og
innehus i same tid. Før der att,
bar dei inn.

Dei som samlar takvatn
fekk det inn anten ved pumpe
eller spring.

Før Ona har no statens
hamnevesen lagt planar om eit
större vassbasseng så ein kan få
springvatn for alle hus.

6. På dei 2 gardane har dei køyrt
med slede og vogn, eller ført, når deira
eigne brunnar har turka opp.

7. Sjå punkt 5.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

699